



VALLE KOMMUNE

Tekniskavdeling

SØKNAD OM ENDRING AV KOMMUNALE AVGIFTER

Eigedomen det vert søkt endring for		
Gnr./bnr./fnr./snr.		
Eigar sitt namn		
Adresse	Poststad	
E-post adresse		
Søkerendringitidsromet(f.o.m.-t.o.m.)		

Vert eigedomen bruka som fritidsbustad? JA NEI

Utifrå gjeldande retningsliner i Valle kommune (sjå bakside) søkjast det om endring for fylgjande kommunale eigedomsavgifter (kryss av):	
<input type="checkbox"/>	Renovasjonsavgift
<input type="checkbox"/>	Slamtømeavgift
<input type="checkbox"/>	Vatn- og avlaup (anlegget må vere plombera eller kopla i frå)
<input type="checkbox"/>	Feie- og tilsynsavgift (eldstaden må vere plombera)

Grunngeving for søknaden:	
<input type="checkbox"/>	Ubebudd
<input type="checkbox"/>	Kondemnert (vedlagt dokumentasjon/bilete)
<input type="checkbox"/>	Eigar bur på institusjon
<input type="checkbox"/>	Eldstad er fråkopla pipa og røykholet er mura att
<input type="checkbox"/>	Eldstad er plombert på fylgjande måte:
<input type="checkbox"/>	Slamavskiljar er kopla i frå på fylgjande måte:
<input type="checkbox"/>	Anna, oppgjev årsak :

Søknad må sendast: Valle kommune, postboks 4, 4746 Valle eller post@valle.kommune.no.

Stad: _____ Dato: _____

Underskrift: _____

Retningslinjer for søknad om endring av kommunale avgifter

INFORMASJON FRÅ SETESDAL BRANNVESEN OM FEIING OG TILSYN

Ny førebyggjande forskrift gjeldande frå 1. januar 2016.

I den nye forskrifta påleggast det at alle kommunar / brannvesen skal risikokartlegge behovet for både feiing og tilsyn. Forskrifta tar også inn alle fritidsbustader på lik linje med vanlege bustader.

Forskrifta gjeld ikkje for støylsbuer.

Feiing:

Ein kan få fritak frå feiing ved plombering eller at eldstaden er fråkopla pipa og røykcholet er mura att.

Kommunalt vatn/kloakk:

Ein kan få fritak ved plombering eller fysisk fråkopling. Det må sendast inn melding frå røyrleggjar.

Slamtøming:

Der våningshus eller bustadhus vert nytta som fritidsbustad, er det slamtøming kvart 4. år, slik som for fritidsbustad.

Ein kan få fritak frå slamtøming, der vassinntaket er fysisk plombert og kopla ifrå.

Det må sendast inn melding frå røyrleggjar.

Renovasjon:

1. Støylsbuer og næringsbygg er ikkje omfatta av renovasjonsordninga.
2. Gardsbruk med buplikt: Får ikkje fritak/endring av renovasjon. Dei må ha vanleg hushaldningsrenovasjon.
3. Gardsbruk med utsatt buplikt: Kan søkje om hytterrenovasjon, men ikkje fritak i perioden med utsett buplikt. Avgifta vert automatisk lagt inn i avgiftsregisteret, når perioden er over.
4. På gardsbruk, med fleire våningshus kan ein søkje om felles renovasjon, sjølv om det eine våningshuset vert nytta som fritidsbustad.
5. Gardsbruk/bustader som vert nytta som fritidsbustad, kan etter søknad få hytterrenovasjon.
Dette gjeld ikkje i regulerte bustadfelt.
6. Ved reovering av bygning får ein ikkje fritak frå renovasjon. Då drifta av gjenvinningsstasjonen er inkludert i renovasjonsavgifta.
7. Ein kan få fritak frå renovasjon når:
 1. Bygning er å betrakte som kondemnert.
 2. Eigiar er busett på institusjon og bygning ikkje vert nytta av andre.
 3. Bygning ligg meir enn 1 km i luftlinje frå biloppstillingsplass sommarstid.

Ved søknad om fritak grunna bygning er å betrakte som kondemnert må det sendast inn dokumentasjon i form av bilete, eller kommunen må på synfaring.

Differensiering:

1. Naboar kan søke om fellesabonnement med andre dersom det er praktisk gjennomførbart og at mengde avfall og avstanden mellom husstandane ikkje er for stor.
2. Når ein eigedom skifter eigar, må ny eigar søkje på nytt.

Generelt.

1. Alle endringar skal meldast inn skriftleg til kommunen.
2. Det er huseigar sitt ansvar å gjeve melding til kommunen, ved endring i bruk av bygning.
3. I fritak som gjeld hushaldningsrenovasjon er det huseigar sitt ansvar å tinge dunkar frå kommunen att, når fritaksperioden er over.
4. Det vert ikkje gjeve fritak eller endring på kommunale avgifter, med tilbakeverkande kraft. Det er søknadstidspunktet som gjeld.